

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Lise-May Sæle (H) sette på vegner av H, A, Sp, SV, MDG, V, KrF og Frp fram slikt forslag:

«Tillegg:

7. Vestland fylkesting understrekar den store verdien til Kompetanseforum Vestland og ynskjer at ein skal supplere med éin studentrepresentant og éin elev-/lærlingrepresentant. Studentane og elevane har ein svært viktig nøkkelrolle i kompetansearbeidet til Vestland.

8. Samstundes ber ein administrasjonen fortløpande melde tilbake til fylkestinget om progresjonen og resultatata av arbeidet som vert gjort i Kompetanseforum Vestland.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Sæle sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. For Vestland fylkeskommune er den regionale kompetansepolitikken eit prioritert satsingsområde. Denne omfattar fleire politikkområde; Utdanningspolitikk, nærings- og arbeidsmarknadspolitikk, integrerings-/inkluderingspolitikk og klima-, miljø- og ressurspolitikk.
2. Vestland fylkeskommune skal utvikle ein aktiv regional kompetansepolitikk for heile fylket. Avdeling for opplæring og kompetanse har den koordinerande rolla.
3. Arbeidet med regional kompetansepolitikk må samordnast med arbeidet som er i gang med eit mål- og strategidokument for vidaregåande utdanning i Vestland fylke.
4. Det kompetansepolitiske arbeidet skal forankrast i forpliktande partnerskap, der Kompetanseforum Vestland og lokale kompetanseforum er berebjelkane.
5. Vestland fylkeskommune skal sikre at det blir etablert strukturar og utvikla tilbod på kompetansefeltet som dekkjer alle delar av Vestland fylke i tråd med saksframstillinga.
6. Det vert viktig å arbeide vidare med å påverke nasjonale myndigheiter til å overføre forvaltinga av stønadsmidlar til kompetanseutvikling regionalt til fylkeskommunane.
7. Vestland fylkesting understrekar den store verdien til Kompetanseforum Vestland og ynskjer at ein skal supplere med éin studentrepresentant og éin elev-/lærlingrepresentant. Studentane og elevane har ein svært viktig nøkkelrolle i kompetansearbeidet til Vestland.
8. Samstundes ber ein administrasjonen fortløpande melde tilbake til fylkestinget om progresjonen og resultatata av arbeidet som vert gjort i Kompetanseforum Vestland.